

## **Spørsmål frå Bognøy (A) - Meirutgifter - kompensasjon i samband med koronaepidemien**

Representanten Nina Bognøy (A) har stilt spørsmål kring kompensasjonsmidlar til opplæringssektoren i samband med Covid-19.

- « 1. Har vi oversikt over meirutgiftene sektoren har hatt som følgje av koronaepidemien?
2. Kor mykje kompensasjon har Vestland Fylkeskommune fått for opplæringssektoren?
3. Korleis er desse midla eventuelt fordelt ut i sektoren? »

I 2020 har fylkeskommunane rapportert netto meirutgifter som følgje av Covid-19 til KS. I slutten av 2020 rapporterte KS vidare til staten. Fylkeskommunane fekk i desember overført ekstra beviljingar over rammetilskotet, som kompensasjon for meirutgifter på grunn av Covid-19. Det vart samla delt ut 100 mill. kr. i slik kompensasjon. Vestland fylkeskommune fekk 12,9 mill. kr. av denne kompensasjonen.

Årsresultatet til sektoren og den einskilde skule syner at skulane har eit noko lågare aktivitetsnivå 2020 enn i eit normalår. Det har resultert i eit netto overskot i sektoren, til tross for at budsjettramma til skulane vart redusert med 20 mill.kr. på grunn av Covid-19 våren 2020.

Samstundes vert det rapportert om at fleire elevar enn normalt står i fare for å ikkje fullføre vidaregåande opplæring og elevar slit sosialt og psykisk grunna Covid-19.

Fylkesdirektøren har etter ei samla vurdering av skulane sin økonomi og behov for tiltak retta mot einskilde elevgrupper, valt å nytte midlane som vart gitt som kompensasjon til å iversetje elevretta tiltak I første omgang retta mot elevar som står i fare for å ikkje fullføre vidaregåande opplæring og elevar som møter slit sosialt og psykisk grunna Covid-19.